

HØYRING om endringar i barnehagelova

Juvikstølen barnehage har hatt Høyringsutkastet oppe til drøfting på Ped.leiarmøte og i Samarbeidsutvalet, og har fylgjande innspel:

Minimumskrav til grunnbemanning

Vi synes at det er utelukkande positivt at det no kjem eit minimumskrav til grunnbemanning.

Minimumskravet må vere høgare enn foreslått, slik at ein sikrar at grunnbemanninga er god nok ved f.eks. pedagogane si planleggingstid og pga at barnehagane si opningstid har blitt utvida. Andelen av fleirspråklege barn har auka, og det er også fleire barn no enn før som er rundt 1 år når dei begynner i barnehagen.

Vi legg ved ein illustrasjon for å synleggjere kor lite tid heile personalet er til stade på ei avdeling. Det er også deler av dagen at ein berre er 1 tilsett tilstade på avdelinga. Eksempalet viser bemanninga på ei avdeling med 12 småbarn (24 plassar) og 4 tilsette. Barnehagen er open 10 timar kvar dag. Personalet arbeider 7,5 timar. Alt pedagogisk personale har 4 timar planleggingstid kvar veke. Eksempalet ovanfor viser at ei avdeling har 4 vaksne berre delar av dagen. Som her vist, frå kl. 10.15–11 og frå 13.00-13.45, dvs. 1 ½ timar. I dette tidsrommet skal ein òg avvikle interne og eksterne møte, planleggingstid for assistentar mm. I tillegg kjem også utfordringar med personalmangel ved ferieavvikling og sjukdom.

	Ikkje tilstade
	Tilstade
	Pause eller ubunden tid (planlegging)

Arbeidstid	07.00	08.00	09.00	10.00	11.00	12.00	13.00	14.00	15.00	16.00	17.00
Ped. leiar 7.00-14.30											
Assistent 1 7.30-15.00											
Assistent 2 8.30-16.00											
Barnehagelærer 9.30- 17.00											

Det er positivt at 3 åringane no blir rekna som 3 år frå august. Dette vil gi barnegruppene ei mykje betre ro, mot tidlegare der det var «etterfylling» på småbarnsavdelingane midt i året. Ved oppstart av nytt barnehageår bør barn som er 3 år, maks vere 4 barn pr tilsett, då det er viktig å ivareta 3 åringane sine særskilte behov.

Skjerpa krav til pedagogisk bemanning

Vi synest at det er positivt at ein aukar pedagognormen. Det vil styrke det faglege miljøet og auke kvaliteten på barnehagetilbodet. Sidan kvar pedagog skal ha minimum 4 timar til planlegging, for- og etterarbeid, må det vere eit krav at det blir satt inn ekstra personale i den tida pedagogen er borte frå avdelinga.

Plikt til å samarbeide om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO

Vi synest det er positivt at det blir ei gjensidig plikt mellom barnehage og skule å sikre ein trygg og god overgang, og at det her blir ei endring i Opplæringslova.

Det vil sikre ein likare og betre overgang for barna som skal begynne på skule og SFO. Slik det er no, er det for ulikt korleis dei forskjellige barnehagane og skulane praktiserer arbeidet med overgangen. Det er ønskeleg med eit tettare samarbeid mellom barnehage og skule/SFO, og fleire besøk i løpet av det siste året i barnehagen.

Frå SU og personalet i Juvikstølen barnehage